

SAK 12/25 BUDSJETT 2026 OG ØKONOMIPLAN 2026 - 2029 – HALLINGDAL ETABLERERTENESTE**Saksopplysning:**

Etablerertenesta vart i 2024 ein del av Regionrådet, men har eige budsjett og eige rekneskap. Budsjettet for Hallingdal etablerersenter skal vedtakast av Hallingtinget. Driftsbudsjettet for 2026 tek utgangspunkt årsbudsjett 2025, rekneskap for 2024 og vedtak fatta i driftsåret 2025.

Budsjettet til etablerartenesta er på omlag same nivå no som for fire år sidan, og det var redusert med 10 % i 2024. I tillegg vart fondet knytt til etablerartenesta avvikla og nytta til drift. Det betyr at etablerarkurs tatt ut. Nesbyen kommune har vedtatt at dei ønskjer å gå ut av etablerartenesta frå 2026 og derfor er det noko større kostnader på dei andre kommunane. Ein håper likevel å vidareføre grundarprosjektet, men då med ekstern finansiering og med Nesbyen som deltakar – og dei ønskjer det.

Vurdering:

Det vart gjort omfattande kutt i etablerartenesta i 2024. Kurs og prosjekt vart teke ut, mens ein vil halde oppe kjerneverksemda. Dette er gjort i eit forsøk på halde oppe ei god rettleiingsteneste for nyetablerarar, samtidig som ein tek omsyn til tronge tider i kommunane. Etter ein runde i vår var det klare signal om at sjølv om Nesbyen går ut av ordninga ønskjer det andre kommunane å behalde etablerartenesta. Det gjer at det er enkelt for Nesbyen å koma inn att i ordninga om dei ønskjer det.

Forslag til vedtak

Hallingtinget rår kommunane til å vedta at kommunane vedtek driftsbudsjett 2026 for Hallingdal etablerersenter, med ei kommunal finansiering på kr. 1130 000

Hallingdal 22. okt 2025

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2026.

Vedlegg 2: kommunevis fordeling

Vedlegg 1

Hallingdal Etablerersenter budsjett 2026

		Budsjett 2026	Budsjett 2025	Regnskap 2024
10100	Lønn	866000	826000	518 567
10900	Pensjonsinnskott KLP	150000	136000	91 287
10990	Arbeidsgjevaravgift	108000	101000	64 762
11000	Kontormateriell	7000	6000	44 101
11151	Beverting	5000	5000	3 358
11207	Annan utgiftsdekning	0	0	25 000
11209	Forbruk og tenester	0	0	10 000
11301	Telefontenester	6000	4000	-
11302	Datakommunikasjon	10000	15000	9 181
11402	Reklame og profilering	15000	20000	18 851
11500	Opplæring	11000	10000	47 694
11600	Skyss/kostodtgjersle	20000	35000	19 570
11851	Forsikringar - personell	3000	3000	0
11900	Husleige, leie av lokale	13000	22000	12 425
11950	kontingenter/lisensar	12000		11 634
12000	Inventar	10000	10000	-
12002	IT-utstyr	10000	7000	-
12007	Tidsskrift, aviser, abonnement	4000	0	-
12700	Konsulenttenester	0	0	194 466
13500	kjøp frå andre kommunar	0	0	81 706
14290	Mva komp	0	0	65 063
SUM kostnader		1250000	1200000	1 217 665
17290	Kompensasjon for meirverdiavgift	0	0	- 65 063
17300	Tilskott frå fylkeskommunar	-100000	-117000	- 113 591
17501	Refusjon frå kommunar	-1 130 000	-1 083 000	- 1 039 011
17701	Refusjon frå private	-20000	0	-
SUM inntekter		-1 250 000	-1 200 000	- 1 217 665

Vedlegg 2

**ETABLERERTENESTA FOR HALLINGDAL,
FORDELING AV KOSTNADER FOR 2026**
FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % flat fordeling

70 % etter folketal (utgang 2. kvartal 2025)

BUDSJETT 1 130 000
TILSKOT FRÅ FYLKET

Folketal utgang 2. kvartal 2025 *5,50

BUDSJETT 100 000
KOSTNAD PR. KOMMUNE:

Kommune namn	Innb.	1. halvår	2. halvår	Kommune 2026	Fylket 2026	Totalt 2026	kommune 2025
Flå	1122	58 495	58 495	116 991	6 219	123 210	94 656
Gol	4884	140 963	140 963	281 925	27 070	308 995	227 627
Hemsedal	2683	92 714	92 714	185 428	14 871	200 299	148 819
Ål	4823	139 625	139 625	279 251	26 732	305 983	226 987
Hol	4530	133 202	133 202	266 405	25 108	291 513	214 433
SUM	18042	565 000	565 000	1 130 000	100 000	1 230 000	912 522